

## REFERAT TIL PROGRAMRÅDSMØTE, PSYKOLOGISK INSTITUTT

Dato: 11.06.2024

Stad: HSH møterom N202

Tid: Kl. 12.15-14.00

Til stade: Vibeke Moe, Mona Bekkhus, Inger Selvaag, Pål Ulleberg, Linn Elisabeth Olausen, Karl Bakke Nordlie, Jeanett Ymbjørg Thomassen

### SAKSLISTE:

<b>O-sak</b> <b>12/24</b>	<b>Orienteringar</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Status for programrapportane og forslag til oppfølging:  Det er to rapportar som skal skrivast ferdig, ein for årseining, bachelor-, og masterprogram, og ein for profesjonsprogrammet. 20. juni er vår frist å melde inn rapportane til fakultetet. Rapportane vil bli tatt opp i programrådet til oppfølging hausten 2024, med orienteringar til Styret.</li> <li>- Justering i regler for klage på karakter.  Det blir justering av rutinar for sakshandsaming av klagar. Studentar vil få moglegheit til å grunngje sine klager, som eventuelt blir sendt til sensor ved ein tredjegangssensur. Det blir jobba sentralt på UiO med nye administrative rutinar som følgje av denne endringa.</li></ul>
<b>V-sak</b> <b>11/24</b>	<b>Søknad om endring av eksamensform PSY2103</b> <p>Emneansvarleg søker om å endre eksamensform for <a href="https://www.uio.no/psykologi/psy2103">PSY2103 – Sexologi – Universitetet i Oslo (uio.no)</a> frå og med våren 2025.</p> <p><b>Vedtak:</b> Programrådet vedtok å endre eksamensform i PSY2103 frå heimeeksamen til 3-timer skuleeksamen frå og med våren 2025.</p>
<b>V-sak</b> <b>14/24</b>	<b>Søknad om innføring av obligatorisk aktivitet i PSY2405</b> <p>Emneansvarleg ynskjer å innføre obligatorisk oppmøte 5 av 7 gongar i <a href="https://www.uio.no/psykologi/psy2405">PSY2405 – Innføring i arbeidspsykologi – Universitetet i Oslo (uio.no)</a>.</p> <p><b>Vedtak:</b> Programrådet vedtok å innføre obligatorisk oppmøte 5 av 7 gongar i PSY2405 frå og med våren 2025.</p>

	Programrådet oppmodar emneansvarleg til å utgreie om det er eit behov for ein sjølvstudiumsvariant, «seminar 99», for dette emnet, og eventuelt sende ein ny søknad om dette.
<b>V-sak 15/24</b>	<p><b>Søknad om endring av karakterskala i PSY2705</b> Emneansvarleg søkjer om å endre karakterskala for <a href="#">PSY2507 – Klima-, miljø- og økopsykologi – Universitetet i Oslo (uio.no)</a> frå og med våren 2025. Sjå <b>vedlegg 4</b>.</p> <p><b>Vedtak:</b> Programrådet vedtok å endre karakterskala i PSY2507 frå Bestått/Ikkje-bestått til bokstavkarakter A-F, frå og med våren 2025.</p>
<b>V-sak 16/24</b>	<p><b>Søknad om å opprette nytt emne for Berekraftssertifikatet</b> Emneansvarleg søkjer om å opprette eit nytt emne på fem studiepoeng som bygger på <a href="#">PSY2507 – Klima-, miljø- og økopsykologi – Universitetet i Oslo (uio.no)</a> og er tenkt å ha deler av undervisinga parallelt. Bakgrunnen for dette er ynskje om å bidra inn i <a href="#">Berekraftssertifikatet – Universitetet i Oslo (uio.no)</a>. Emne vil ha refleksjonsnotat Sjå <b>vedlegg 5</b>.</p> <p><b>Vedtak:</b> Programrådet vedtok å opprette eit nytt emne på fem studiepoeng innan Klima-, miljø- og økopsykologi våren 2025. Emnet skal ha felles undervising med deler av PSY2507.</p>
<b>Eventuelt</b>	

Vibeke Moe  
Utdanningsleiar

Linn Elisabeth Olaussen  
Studiekonsulent/referent